

Utval: Utval for kultur, idrett og regional utvikling
Møtestad: Heradshuset, Dalekvam
Dato: 12.02.2019
Tidspunkt: 12.45-15:10

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Kjell Gitton Håland	Nestleiar	A
Espen Berntsen	Medlem	A
Katrin Innvær Ankervold	Medlem	A
Gro Berge	Medlem	A
Olav Kvinge	Medlem	H
May Eva Sandvik	Medlem	H
Beate Husa	Leiar	KRF
Gunnar Bakke	Medlem	FRP
Anita Garlid Johannessen	Medlem	FRP
Sara Hamre Sekkingstad	Medlem	SP
Geir Kjell Andersland	Medlem	FL MDG/V

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Siri Klokkestuen	Medlem	A
Neshe Lie	Medlem	H

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Kari Foseid Aakre	Siri Klokkestuen	A
Christer Lilleskare Olsen	Neshe Lie	H

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Ronny Skaar	Utviklingssjef kultur- og idrettsavdelinga
David J. Aasen Sandved	Kst. fylkeskonservator
Eva Katrine Ritland Taule	Fagleiar kommuneplan
Sølve Dag Sondbø	Seksjonsleiar for klima- og naturressursforvaltninga
Silje Lyngstad	Rådgjevar/møtesekretær

Silje Lyngstad
møtesekretær

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 16/19	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 17/19	Godkjenning av møtebok frå forrige møte		
PS 18/19	Referatsaker (meldingar)		
RS 11/19	Oversikt over tilsegn for næringsutvikling i Hordaland per 31.12.2018	2014/10180	
PS 19/19	Innkomne spørsmål frå politikarane		
PS 20/19	Ymse		
PS 21/19	Fråsegn til høyring av arealdelen av kommuneplanen for Vaksdal kommune	2015/2934	
PS 22/19	Fråsegn til kommuneplan for Radøy, revisjon - 1. gongs høyring	2014/19850	
PS 23/19	Fråsegn til høyring og offentleg ettersyn av reguleringsplan for Fv 561 Kolltveit - Ågotnes - Fjell kommune	2015/10285	
PS 24/19	Høyring - Endring av vedtekter ved Sunnhordland museum	2018/17442	
PS 25/19	Prioriteringar for kulturminneforvaltinga 2019	2018/16929	
PS 26/19	Innspel til ny stortingsmelding om ny kulturminnepolitikk Hordaland fylkeskommune	2019/623	
PS 27/19	Tilskot til Tall Ships Races 2019	2018/146	

PS 16/19 Godkjenning av innkalling og saksliste

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 12.02.2019

Innkalling og saksliste vart godkjend utan merknad.

PS 17/19 Godkjenning av møtebok frå forrige møte

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 12.02.2019

Møteboka frå 22.01.2019 vart godkjend utan merknad.

PS 18/19 Referatsaker (meldingar)

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 12.02.2019

RS 11/19 vart referert.

PS 19/19 Innkomne spørsmål frå politikarane

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 12.02.2019

Det var ingen innkomne spørsmål til møtet.

PS 20/19 Ymse

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 12.02.2019

Orienteringar

- Orientering om kommuneplanens arealdel (KPA) v/ Vaksdal kommune.

Beate Husa (KRF) informerte om at det planlagde todagarsmøtet 24.-25. april blei endra til eit eitt dagsmøte. Fleirtalet av utvalet slutta at møtedato da vert sett til 25.april.

Beate Husa (KRF) sette fram forslag om at utvalsmøte i juni blei lagt opp til møte over to dagar, frå 17.-18. juni. Utvalet slutta seg samrøystes til dette.

PS 21/19 Fråsegn til høyring av arealdelen av kommuneplanen for Vaksdal kommune

Forslag til vedtak

Utval for kultur, idrett og regional utvikling har slike merknader til kommuneplanen sin arealdel:

1. Framlegg til rullert arealdel av kommuneplanen har mål og legg føringar som i det vesentlege er i samsvar med ønska regional utvikling og med regionale planar. Bygging av ny veg og bane mellom Arna og Stanghelle (K5) er eit viktig nasjonalt og regionalt infrastrukturiltak. Utvalet har forståing for den krevjande situasjon det er å planleggja framtidig arealbruk når statleg plan for K5 ikkje er vedteken. Kombinasjonen med områdereguleringsplanar for stasjonsbygdene ser utvalet som ein god arbeidsmåte.
2. 1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner akvakultur ikkje er ivaretatt i planframlegget frå Vaksdal kommune, særleg i høve til fjerning av areal avsett til eksisterande akvakulturanlegg. Det er knytt motsegn til følgjande punkt:
Akvakulturanlegget ved Sandvik må sikrast tilstrekkeleg areal.

2. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at akvakulturområde ved Sandvik skal vidareførast og tilpassast framtidige behov då området kan nyttast til andre artar og

produksjonsformer dersom det viser seg at produksjon av regnbogeaure ikkje er miljømessig berekraftig i framtida.

3. Føresegner og retningslinjer for arealbruk til handel i regional plan (4.1 og 4.2) må innarbeidast i føresegner og retningslinjer til arealdelen av kommuneplanen. Det er knytt motsegn til dette punktet om dette ikkje vert gjort.

4. Utval for kultur, idrett og regional utvikling har særlege kulturminnefaglege merknader til KPA:

- I. Hordaland fylkeskommune har ikkje gjennomført arkeologiske registreringar i heile kommuneplanen sitt areal. Fylkeskommunen må ta atterhald om nye byggeområde i kommuneplanen sin arealdel, inntil § 9 i kulturminnelova er oppfylt for dei einskilde byggeareal, og tilhøvet til automatisk freda kulturminne er avklart.

- II. Vaksdal kommune må leggje inn omsynssoner kring fornminnelokalitetane id 66745, 215630, 25652, 6091.

Det vert varsla motsegn til dette punktet. Motsegna vert trekt når slike omsynssoner er innarbeidd i planen.

- III. Vaksdal kommune må retta opp kart ved Dalegarden med omsyn til manglande kulturminnemarkering av id 238862.

Det vert varsla motsegn til dette punktet. Motsegna vert trekt når plankartet er retta opp.

- IV. Under omsynssone d), Mellomalderske kyrkjestader, må følgjande tekst takast inn i kommuneplanen sine føresegner:

«Eksingedalen kyrkjestad (id 84083) og Stamnes kyrkjestad (id 85543) er automatisk freda. Det er ikkje tillate å gjere tiltak som kan virke inn på den automatisk freda kyrkjestaden med mindre det ligg føre dispensasjon frå kulturminnelova.

Innanfor mellomalderkyrkjegarden er gravlegging berre tillate i gravfelt som har vore i kontinuerleg bruk etter 1945. Gravfelt som ikkje har vore i bruk etter 1945 skal ikkje brukast til gravlegging.

Gravminne som er eldre enn 60 år skal ikkje bli flytta eller fjerna utan at kulturminnemyndigheitene er gitt høve til å komme med fråsegn.

Ein eventuell søknad om løyve til inngrep eller tiltak som kan ha innverknad på kulturminnet skal bli sendt rette kulturminnemyndigheit i god tid før arbeidet er planlagt sett i gang. Kostnadar knytt til nødvendige undersøkingar skal belastast tiltakshavar, jamfør kulturminnelova § 10.»

Det vert varsla motsegn til dette punktet. Motsegna vert trekt når teksten er tatt inn i føresegnene til planen.

- V. Følgjande tekst må takast inn i kommuneplanen sine føresegn:

«Vegfaret Dalseid - Eidslandet er statleg listeført. Innanfor omsynssona skal det ikkjeetablerast tiltak som kan svekke kulturminneverdiane. Veggen skal bevarast uendra eller førast tilbake til opphavleg utføring i tråd med dokumentasjon og i samråd med kulturminnestyresmakt. Mindre endringar kan berre tillatast etter ei kulturminnefagleg vurdering hos kulturminnestyresmakt.»

Det vert varsla motsegn til dette punktet. Motsegna vert trekt når teksten er innarbeidd i planen.

- VI. Hordaland fylkeskommune ber om at punkt 1.6.2 i føresegner og retningslinjer justerast, til:
- «1.6.2 Verneverdige enkeltbygningar, kulturmiljø og andre kulturminne skal takast vare på som bruksressursar og setjast i stand.»
- VII. Hordaland fylkeskommune ber Vaksdal kommune sikre fleire kulturminne som er nemnt i kulturminneplanen, gjennom omsynssone H570 med føresegn og retningslinjer.
- Det vert varsla motsegn til dette punktet. Motsegna vert trekt når dette er utført.
- VIII. Hordaland fylkeskommune ber om at føresegn og retningslinjer sikar at areal som gjeld utfylling i sjø, vert sendt Fylkeskonservatoren. Arbeidet med saker som gjeld utfylling i sjø må sjåast i samheng med utarbeiding av områdeplaner og arbeidet med ein kulturhistorisk analyse av tettstadene Vaksdal og Stanghelle.
- IX. Hordaland fylkeskommune ber om at Vaksdal kommune gjennomfører ei kulturhistorisk analyse som tek føre seg dei tre stasjonsbygdene Vaksdal, Stanghelle og Dale.

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 12.02.2019

Katrin Innvær Ankervold (A) stilte spørsmål om ho var inhabil. Innvær Ankervold gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om ho var inhabil. Utval for kultur, idrett og regional utvikling vedtok samrøystes at Innvær Ankervold ikkje var inhabil.

Innvær Ankervold tiltredde saksbehandlinga.

Beate Husa (KRF) sette på vegner av KRF, AP, SP, H, V og FRP fram slikt forslag:

«Tilleggsdokument frå fylkesadministrasjon blir fremma til fordel for opprinneleg framlegg, med følgjande endringar i punkt 5:

Tillegg til nr. III:

«Hordaland fylkeskommune rår til at følgjande tekst blir innarbeidd i planen:

«Eksingedalen kyrkjestad (id 84 083) og Stamnes kyrkjestad (id 85543) er automatisk freda. Det er ikkje tillate å gjere tiltak som kan virke inn på den automatisk freda kyrkjestaden med mindre det ligg føre dispensasjon frå kulturminnelova. Innanfor mellomalderkyrkjegarden er gravlegging berre tillate i gravfelt som har vore i kontinuerleg bruk etter 1945. Gravfelt som ikkje har vore i bruk etter 1945 skal ikkje brukast til gravlegging. Gravminne som er eldre enn 60 år skal ikkje bli flytta eller fjerna utan at kulturminnemyndigheitene er gitt høve til å komme med fråsegn. Ein eventuell søknad om løyve til inngrep eller tiltak so m kan ha innverknad på kulturminnet skal bli sendt rette kulturminnemyndigheit i god tid før arbeidet er planlagt sett i gang. Kostnadar knytt til nødvendige undersøkingar skal belastast tiltakshavar, jamfør kulturminnelova § 10.»

Nytt punkt IV:

«Vegfaret Dalseid - Eidslandet er statleg listeført. Innanfor omsynssona skal det ikkje etablerast tiltak som kan forringe kulturminneverdien. Vegen skal bevarast uendra eller førast tilbake til opphavleg utføring i tråd med dokumentasjon og i samråd med kulturminnestyresmakt. Mindre endringar kan berre tillatast etter ei kulturminnefagleg vurdering hos kulturminnestyresmakt».

Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner riksantikvaren sin tekst er for streng, men ber kommunen innarbeide ein tekst som ivaretar vegen som kulturminne. Utvalet ser behovet for at mellom anna trafikkisikringstiltak vert iverksatt».

Røysting

Fylkesrådmann sitt forslag punkt 1 vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmann sitt forslag punkt 2 fekk ingen røyster og fall.

Fylkesrådmann sitt forslag punkt 3 vart samrøystes vedteke.

Husa sitt forslag punkt 4 vart samrøystes vedteke mot ingen røyster for fylkesrådmann sitt opprinnelege forslag.

Husa sitt forslag med endringar i punkt 5 vart samrøystes vedteke mot ingen røyster for fylkesrådmann sitt opprinnelege forslag.

Vedtak

Utval for kultur, idrett og regional utvikling har slike merknader til kommuneplanen sin arealdel:

1. Framlegg til rullert arealdel av kommuneplanen har mål og legg føringar som i det vesentlege er i samsvar med ønska regional utvikling og med regionale planar. Bygging av ny veg og bane mellom Arna og Stanghelle (K5) er eit viktig nasjonalt og regionalt infrastrukturiltak. Utvalet har forståing for den krevjande situasjon det er å planleggja framtidig arealbruk når statleg plan for K5 ikkje er vedteken. Kombinasjonen med områdereguleringsplanar for stasjonsbygdene ser utvalet som ein god arbeidsmåte.
2. Føresegner og retningslinjer for arealbruk til handel i regional plan (4.1 og 4.2) må innarbeidast i føresegner og retningslinjer til arealdelen av kommuneplanen. Det er knytt motsegn til dette punktet om dette ikkje vert gjort.
3. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner arealdel 2018 – 2030 av kommuneplan for Vaksdal kommune er i konflikt med regionale og nasjonale kulturminneinteresser. Det knytt motsegn til fylgjande punkt:
 - I. Vaksdal kommune må retta opp kart ved Dalegarden med omsyn til manglande kulturminnemarkering id 238862. Motsegn vert trekt når kommuneplankartet er retta opp.
 - II. Hordaland fylkeskommune ber Vaksdal kommune sikre kulturminne som er nemnd i kulturminneplanen. Desse må visast i kart som omsynssone H570 knytt til føresegner og retningslinjer. Motsegn vert trekt når kommuneplankartet er retta opp.
4. Utval for kultur, idrett og regional utvikling har særlege kulturminnefaglege merknader til KPA:
 - I. Det er ikkje gjennomført arkeologiske registreringar i kommuneplanen sitt arealdel. Hordaland fylkeskommune må ta atterhald om automatisk freda kulturminne i samband med nye byggeområde, spreidd busetnad og næring inn til undersøkingsplikta etter §9 i kulturminnelova er oppfylt og tilhøvet til automatisk freda kulturminne er avklart.
 - II. Fornminna id 66545, 215630, 25652 og 6091-1 er fornminne som har lagt i ei større klynge av kulturminne. Hordaland fylkeskommune vil rå til at eit samanhengande areal rundt desse får lagt til omsynssone H570.
 - III. Hordaland fylkeskommune rår til at følgjande tekst blir innarbeidd i planen: «Eksingedalen kyrkjestad (id 84 083) og Stamnes kyrkjestad (id 85543) er automatisk freda. Det er ikkje tillate å gjere tiltak som kan virke inn på den automatisk freda kyrkjestaden med mindre det ligg føre dispensasjon frå kulturminnelova. Innanfor mellomalderkyrkjegarden er gravlegging berre tillate i gravfelt som har vore i kontinuerleg bruk etter 1945. Gravfelt som ikkje har vore i bruk etter 1945 skal ikkje brukast til gravlegging. Gravminne som er eldre enn 60 år skal ikkje bli flytta eller fjerna utan at kulturminnemyndigheitene er gitt høve til å komme med fråsegn. Ein eventuell søknad om løyve til inngrep eller tiltak so m kan ha innverknad på kulturminnet skal bli sendt rette kulturminnemyndigheit i god tid før arbeidet er planlagt sett i gang.

Kostnader knytt til nødvendige undersøkingar skal belastast tiltakshavar, jamfør kulturminnelova § 10.»

- IV. «Vegfaret Dalseid - Eidslandet er statleg listeført. Innanfor omsynssona skal det ikkje etablerast tiltak som kan forringe kulturminneverdien. Veggen skal bevarast uendra eller førast tilbake til opphavleg utføring i tråd med dokumentasjon og i samråd med kulturminnestyresmakt. Mindre endringar kan berre tillatast etter ei kulturminnefagleg vurdering hos kulturminnestyresmakt».

Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner riksantikvaren sin tekst er for streng, men ber kommunen innarbeide ein tekst som ivaretar vegen som kulturminne. Utvalet ser behovet for at mellom anna trafikksikringstiltak vert iverksatt

- V. Hordaland fylkeskommune ber om at føresegner og retningsliner i kommuneplanen sikrar at areal som gjeld utfylling i sjø vert sendt Hordaland fylkeskommune til fråsegn.
- VI. Hordaland fylkeskommune ber om at punkt 1.6.2 i føresegner og retningsliner justerast til: «Verneverdige einskilde bygningar, kulturmiljø og andre kulturminne skal takast vare på som bruksressursar og setjast i stand.»
- VII. Hordaland fylkeskommune ber om at Vaksdal kommune gjennomfører ei kulturhistorisk analyse av stasjonsbyane Vaksdal, Stanghelle og Dale.

PS 22/19 Fråsegn til kommuneplan for Radøy, revisjon - 1. gongs høyring

Forslag til vedtak

1. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* vurderer arealdelen til kommuneplanen som eit tenleg styringsreiskap for Radøy kommune, med tydelege føresegner, planskildring og plankart.
2. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* meiner det er positivt at kommunen ønskjer å tilpasse *landbruks-, natur og friluftsområder* i kommuneplanen til faktisk lovleg arealbruk, som gjer meir føreseielege rammer for tiltak, og samstundes reduserer behovet for dispensasjonar. Det er positivt at kommunen oppgraderar kommuneplanen i forkant av kommunesamanslåinga i 2020.
3. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* meiner at framtidretta forvaltning av strandsona er av både nasjonal og regional interesse. Kartlegging av funksjonell strandsona er ein viktig strategi i strandsonepolitikken i Hordaland, og utvalet stiller seg positiv til at kommunen har gjort dette som del av planarbeidet.
4. Føresegner og retningsliner for arealbruk til handel i regional plan (4.1 og 4.2) må innarbeidast i føresegner og retningsliner til arealdelen av kommuneplanen. Det er knytt **motsegn** til dette punktet om det ikkje vert gjort.
5. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* meiner det er positivt at kommunen gjer avklaringar om arealbruk i sjø. Tydeleggjering av arealkategoriar som opnar for akvakultur i kommuneplanen er viktig for både kommunen, fylkeskommunen og andre sektormyndar, og skapar meir føreseielege rammer for planlegging og aktivitet for akvakulturnæringa.
6. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* meiner at Radøy kommune har laga ein god plan med solide føresegner og retningsliner som sikrar langsiktig vern av kulturminne og kulturmiljø.
7. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* fremjar **motsegn** til Radøy kommune sin delrevisjon av kommuneplanens arealdel 2011 – 2023, som er i strid med kulturminne av nasjonal interesse, på følgjande punkt:
 - I. Områder som er bandlagt etter kulturminnelova (H730) er ikkje tilstrekkelig integrert i plankartet. Alle automatisk freda kulturminne skal visast i plankartet.

Motsegn fell bort når kommunen synleggjer alle dei automatisk freda kulturminna med tilhøyrande sikringssone som omsynssone.

- II. Riksantikvaren sitt forslag til føresegner for Manger, Sæbø og Hordabø mellomalderkyrkjestader må innarbeidast i planføresegna, og visast i plankartet.

Motsegn fell bort om kommunen tek omsyn til Riksantikvarens krav

- III. Nokre av områda definert som LNF – SBE inneheld registrerte automatisk freda kulturminne. Dette gjeld:
 - Askeladden id. 135339 i Vetås (gnr. 86, bnr. 3).
 - Askeladden id. 55258 i Olsvoll (gnr. 74, bnr. 49).
 - Askeladden id. 85030 i Sæbø (gnr. 88, bnr. 5 og 4).

Motsegn fell bort om arealføremål LNF vert vidareført i ny kommuneplan for aktuelle automatisk freda kulturminne.

- IV. Områda definert innafor LNF - SBE med unntak av dei nemnd i punkt III må reduserast.

Motsegn fell bort når byggeområdet blir meir i tråd med føresegna sitt formål og innskrenka til å gjelde eksisterande hus med opparbeida hage.

8. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling har særlege kulturminnefaglege merknader som det ikkje er knytt motsegn til, desse er lista opp i saksframlegget. Me ber kommunen om å ta omsyn til desse i sitt endelege plandokument.*

- I. Utval for kultur, idrett og regional utvikling ber kommunen om å endre område Fosenstraumen/Rapeneset vist som H-730 til H-570, og at det enkelte automatisk freda kulturminnet med tilhøyrande sikringssone blir vist som H-730 omsynssone d. Me ber også om at det blir knytt konkrete planføresegner og retningslinjer til områda.
- II. Utval for kultur, idrett og regional utvikling har ikkje gjennomført arkeologiske registreringar i heile kommuneplanens areal. Fylkeskommunen må ta atterhald om byggeområder og LNF spreidd (LNF-SBE og LNF-SB) i kommuneplanen sin arealdel, inntil § 9 i kulturminnelova er oppfylt for dei einskilde byggeareal, og tilhøve til automatisk freda kulturminne er avklart. Dette gjeld både land- og sjøområder.
- III. Føresegn 2.16 tredje og fjerde ledd er uklar og må endrast til: *Hordaland fylkeskommune/Riksantikvar har uttalerett i alle søknadspliktige tiltak som gjeld riving eller vesentleg endring av ikkje-freda bygg og anlegg eldre enn 1850 samt listeførte kyrkje og den indre farleia.*
- IV. Under føresegn 4.11 må følgjande settast inn: *Hordaland fylkeskommune er forvaltningsmynde i høve kulturminnelova i saker som omfattar automatisk freda kulturminne.*
- V. Det er positivt at kommunen har ferdigstilt arbeidet med kulturminneplanen, og at den har vore nytta i samband med delrevisjonen av kommuneplanen. Retningslinene slik dei er formulert i føresegner til kommuneplanen er ikkje formulert heilt likt med retningslinene i de vedtekte kulturminneplanen. Dette bør det arbeidast vidare med.

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 12.02.2019

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* vurderer arealdelen til kommuneplanen som eit tenleg styringsreiskap for Radøy kommune, med tydelege føresegner, planskildring og plankart.
2. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* meiner det er positivt at kommunen ønskjer å tilpasse *landbruks-, natur og friluftsområder* i kommuneplanen til faktisk lovleg arealbruk, som gjer meir føreseielege rammer for tiltak, og samstundes reduserer behovet for dispensasjonar. Det er positivt at kommunen oppgraderar kommuneplanen i forkant av kommunesamanslåinga i 2020.
3. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* meiner at framtidsretta forvaltning av strandsona er av både nasjonal og regional interesse. Kartlegging av funksjonell strandsona er ein viktig strategi i strandsonepolitikken i Hordaland, og utvalet stiller seg positiv til at kommunen har gjort dette som del av planarbeidet.
4. Føresegner og retningsliner for arealbruk til handel i regional plan (4.1 og 4.2) må innarbeidast i føresegner og retningsliner til arealdelen av kommuneplanen. Det er knytt **motsegn** til dette punktet om det ikkje vert gjort.
5. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* meiner det er positivt at kommunen gjer avklaringar om arealbruk i sjø. Tydeleggjering av arealkategoriar som opnar for akvakultur i kommuneplanen er viktig for både kommunen, fylkeskommunen og andre sektormyndene, og skapar meir føreseielege rammer for planlegging og aktivitet for akvakulturnæringa.
6. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* meiner at Radøy kommune har laga ein god plan med solide føresegner og retningsliner som sikrar langsiktig vern av kulturminne og kulturmiljø.
7. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* fremjar **motsegn** til Radøy kommune sin delrevisjon av kommuneplanens arealdel 2011 – 2023, som er i strid med kulturminne av nasjonal interesse, på fylgjande punkt:

- I. Områder som er bandlagt etter kulturminnelova (H730) er ikkje tilstrekkelig integreert i plankartet. Alle automatisk freda kulturminne skal visast i plankartet.

Motsegn fell bort når kommunen synleggjer alle dei automatisk freda kulturminna med tilhøyrande sikringssone som omsynssone.

- II. Riksantikvarens sitt forslag til føresegner for Manger, Sæbø og Hordabø mellomalderkyrkjestader må innarbeidast i planføresegna, og visast i plankartet.

Motsegn fell bort om kommunen tek omsyn til Riksantikvarens krav

- III. Nokre av områda definert som LNF – SBE inneheld registrerte automatisk freda kulturminne. Dette gjeld:
 - Askeladden id. 135339 i Vetås (gnr. 86, bnr. 3).
 - Askeladden id. 55258 i Olsvoll (gnr. 74, bnr. 49).
 - Askeladden id. 85030 i Sæbø (gnr. 88, bnr. 5 og 4).

Motsegn fell bort om arealføremål LNF vert vidareført i ny kommuneplan for aktuelle automatisk freda kulturminne.

- IV. Områda definert innafor LNF - SBE med unntak av dei nemnd i punkt III må reduserast.

Motsegn fell bort når byggeområdet blir meir i tråd med føresegna sitt formål og innskrenka til å gjelde eksisterande hus med opparbeida hage.

8. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* har særlege kulturminnefaglege merknader som det ikkje er knytt motsegn til, desse er lista opp i saksframlegget. Me ber kommunen om å ta omsyn til desse i sitt endelege plandokument.
- VI. Utval for kultur, idrett og regional utvikling ber kommunen om å endre område Fosenstraumen/Rapeneset vist som H-730 til H-570, og at det enkelte automatisk freda kulturminnet med tilhøyrande sikringssone blir vist som H-730 omsynssone d. Me ber også om at det blir knytt konkrete planføresegner og retningslinjer til områda.
 - VII. Utval for kultur, idrett og regional utvikling har ikkje gjennomført arkeologiske registreringar i heile kommuneplanens areal. Fylkeskommunen må ta atterhald om byggeområder og LNF spreidd (LNF-SBE og LNF-SB) i kommuneplanen sin arealdel, inntil § 9 i kulturminnelova er oppfylt for dei enskilde byggeareal, og tilhøve til automatisk freda kulturminne er avklart. Dette gjeld både land- og sjøområder.
 - VIII. Føresegn 2.16 tredje og fjerde ledd er uklar og må endrast til: *Hordaland fylkeskommune/Riksantikvar har uttalerett i alle søknadspliktige tiltak som gjeld riving eller vesentleg endring av ikkje-freda bygg og anlegg eldre enn 1850 samt listeførte kyrkje og den indre farleia.*
 - IX. Under føresegn 4.11 må følgjande settast inn: *Hordaland fylkeskommune er forvaltningsmynde i høve kulturminnelova i saker som omfattar automatisk freda kulturminne.*
 - X. Det er positivt at kommunen har ferdigstilt arbeidet med kulturminneplanen, og at den har vore nytta i samband med delrevisjonen av kommuneplanen. Retningslinene slik dei er formulert i føresegner til kommuneplanen er ikkje formulert heilt likt med retningslinene i de vedtekne kulturminneplanen. Dette bør det arbeidast vidare med.

PS 23/19 Fråsegn til høyring og offentlig ettersyn av reguleringsplan for Fv 561 Kolltveit - Ågotnes - Fjell kommune

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling vurderer at framlegg til reguleringsplan for fv 561 Kolltveit – Ågotnes legg opp til ein dimensjonering av veg- og kryssløysingar som medfører unødig kostnader og som ikkje er i tråd med arbeidet for nullvekstmålet.
2. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at vedtaket som blei fatta i Fylkesutvalet den 23.06.2016 ikkje er følgt opp. Grunna manglande utgreiing av 2-felts veg og plankryssing ved Ågotnes sør kan ikkje utvalet sjå at alternativa knytt til vegløysingar er tilstrekkeleg opplyst.

Føresegna § 6.1 må endrast slik: Før utbygging av veganlegget, skal det utarbeidast detaljprosjekt for samferdselsanlegga og tilhøyrande teknisk infrastruktur som svarer til fylkeskommunen sitt vedtak. Det er knytt motsegn til dette punktet.
3. Det er positivt at det vert tilrettelagt for ny gang- og sykkelveg på Kolltveit og Ågotnes, og kryssingspunkt med eksisterande vegar. Planen er likevel ikkje tydeleg på at det er lagt til rette for gjennomgåande gang- og sykkelveg som ei heilskapleg løysing, slik fylkesutvalet har som føresetnad i sitt vedtak. Dette må synleggjerast i det vidare planarbeidet.

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 12.02.2019

Gunnar Bakke (FRP) sette vegner av FRP og H fram slikt forslag:

«Alternativ:

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling vurderer at framlegg til reguleringsplan for fv 561 Kolltveit – Ågotnes legg opp til ein dimensjonering av veg- og kryssløysingar som står i forhold til den vekst og utvikling som kan komme i regionen i forbindelse med etableringa av ny hamn for Bergensregionen
2. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at vedtaket som blei fatta i Fylkesutvalet den 23.06.2016 ikkje tar opp i seg at det er vedtatt å etablere ny hamn. Utvalet vil derfor støtte framlegg til reguleringsplan i den form den er presentert.
3. I og med at dette er en parallell veg er det ikkje behov for gang- og sykkelveg da dette blir dekket av alt eksisterande veg.

Gunnar Bakke (FRP) trekte sitt forslag.

Gunnar Bakke (FRP) sette fram slikt forslag til utsetjing:

«Utval for kultur, idrett og regional utvikling ber om at saka utsettast for befaring og møte med Statens vegvesen, Fjell kommune og Bergen og Omland havnevesen (BOH).

Utval for kultur, idrett og regional utvikling ber om at utval for miljø og samferdsel behandlar saka før den framleggast på ny».

Røysting (forslag om utsetjing):

Bakke sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Utval for kultur, idrett og regional utvikling ber om at saka utsettast for befaring og møte med Statens vegvesen, Fjell kommune og Bergen og Omland havnevesen (BOH).

Utval for kultur, idrett og regional utvikling ber om at utval for miljø og samferdsel behandlar saka før den framleggast på ny

PS 24/19 Høyring - Endring av vedtekter ved Sunnhordland museum

Forslag til vedtak

1. Hordaland fylkeskommune meiner at forslag til nye vedtekter for Sunnhordland museum er i tråd med regional museumspolitik.
2. Hordaland fylkeskommune tek saka til vitande.

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 12.02.2019

Gunnar Bakke (FRP) stilte spørsmål om han var inhabil fordi han er styremedlem i Sunnhordland museum.

May Eva Sandvik (H) stilte spørsmål om ho var inhabil fordi ho er varamedlem i styret til Sunnhordland museum.

Bakke og Sandvik gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om dei var inhabil.

Utval for kultur, idrett og regional utvikling vedtok samrøystes at Bakke var inhabil etter forvaltningslova § 6, 1. ledd bokstav e.

Utval for kultur, idrett og regional utvikling vedtok samrøystes at Sandvik var inhabil etter forvaltningslova § 6, 1. ledd og 2. ledd.

Bakke og Sandvik gjekk frå under behandlinga av saka. Det var 11 representantar tilstades.

Røysting

Fylkesrådmann sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Hordaland fylkeskommune meiner at forslag til nye vedtekter for Sunnhordland museum er i tråd med regional museumspolitik.
2. Hordaland fylkeskommune tek saka til vitande.

PS 25/19 Prioriteringar for kulturminneforvaltinga 2019

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen følgja opp og prioritere dei oppgåvene som vert framheva i Riksantikvarens brev med prioriteringar for kulturminneforvaltinga i 2019.

Saksprotokoll i Utval for kultur, idrett og regional utvikling - 12.02.2019

Røysting

Fylkesrådmann sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen følgja opp og prioritere dei oppgåvene som vert framheva i Riksantikvarens brev med prioriteringar for kulturminneforvaltinga i 2019

PS 26/19 Innspel til ny stortingsmelding om ny kulturminnepolitikk Hordaland fylkeskommune

Forslag til innstilling

1. Hordaland fylkeskommune ber om at ein i ny stortingsmelding gjer ei evaluering av tidlegare vedtekne mål og i kva grad desse er nådd.
2. Hordaland fylkeskommune meiner at kulturarven i større grad må gjerast til ein premissleverandør i samfunnsplanlegginga.

3. Hordaland fylkeskommune meiner at ein må starta opp nasjonale prosessar for å møte klimaendringane og at strategiar for klimatilpassing vert forankra og tilpassa lokale og regionale utfordringar.
4. Hordaland fylkeskommune ber departementet å greie ut og vurderer meir effektive verkemiddel for å hindre spekulativt forfall.
5. Hordaland fylkeskommune ber om at stortingsmeldinga gjer vurderingar av forskingsbasert forvaltning og korleis ein gjennom samhandling kan verka å styrka fagområda.
6. Fylkeskommunen ber om at ein i ny kulturminnemelding drøftar samhandling mellom kulturminnevern, folkehelse og inkluderande arbeid.
7. Hordaland fylkeskommune meiner at i prosessane med å definere og forvalte kulturarven er det naudsynt med ei brei involvering og inkludering.
8. Hordaland fylkeskommune tilrår fylgjande mål for kulturminnepolitikken i Noreg:
 1. *Styrka innsats for å verne om og sikre kulturarven i Noreg*
 - 1.1. *Eit mangfald av kulturminne, kulturmiljø og landskap skal takast vare på som grunnlag for kunnskap, oppleving og bruk.*
 - 1.2. *Kulturminne, kulturmiljø og landskap skal gjennom heilskapleg samfunnsplanlegging medverke til berekraftig utvikling.*
 - 1.3. *Alle skal ha moglegheit til å engasjere seg og ta ansvar for kulturminne, kulturmiljø og landskap.*
 - 1.4. *Eit inkluderande samfunn der kulturarven vert nytta til å byggje fellesskap, skape attraktivitet, stadtilhøyrse og identitet.*
9. Hordaland fylkeskommune meiner departementet må vurdere om fylkeskommunane bør få sjølvstendig mynde knytt til freding av regionale kulturminneressursar

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 12.02.2019

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Hordaland fylkeskommune ber om at ein i ny stortingsmelding gjer ei evaluering av tidlegare vedtekne mål og i kva grad desse er nådd.
2. Hordaland fylkeskommune meiner at kulturarven i større grad må gjerast til ein premissleverandør i samfunnsplanlegginga.
3. Hordaland fylkeskommune meiner at ein må starta opp nasjonale prosessar for å møte klimaendringane og at strategiar for klimatilpassing vert forankra og tilpassa lokale og regionale utfordringar.
4. Hordaland fylkeskommune ber departementet å greie ut og vurderer meir effektive verkemiddel for å hindre spekulativt forfall.
5. Hordaland fylkeskommune ber om at stortingsmeldinga gjer vurderingar av forskingsbasert forvaltning og korleis ein gjennom samhandling kan verka å styrka fagområda.
6. Fylkeskommunen ber om at ein i ny kulturminnemelding drøftar samhandling mellom kulturminnevern, folkehelse og inkluderande arbeid.

7. Hordaland fylkeskommune meiner at i prosessane med å definere og forvalte kulturarven er det naudsynt med ei brei involvering og inkludering.
8. Hordaland fylkeskommune tilrår fylgjande mål for kulturminnepolitikken i Noreg:
 1. *Styrka innsats for å verne om og sikre kulturarven i Noreg*
 - 1.1. *Eit mangfald av kulturminne, kulturmiljø og landskap skal takast vare på som grunnlag for kunnskap, oppleving og bruk.*
 - 1.2. *Kulturminne, kulturmiljø og landskap skal gjennom heilskapleg samfunnsplanlegging medverke til berekraftig utvikling.*
 - 1.3. *Alle skal ha moglegheit til å engasjere seg og ta ansvar for kulturminne, kulturmiljø og landskap.*
 - 1.4. *Eit inkluderande samfunn der kulturarven vert nytta til å byggje fellesskap, skape attraktivitet, stadtilhøyrse og identitet.*
9. Hordaland fylkeskommune meiner departementet må vurdere om fylkeskommunane bør få sjølvstendig mynde knytt til freding av regionale kulturminneressursar

PS 27/19 Tilskot til Tall Ships Races 2019

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet løyver kr 750.000 til Tall Ships Races Bergen 2019.

Budsjettet vert endra slik:

10.720.200.00.14900 Fylkesutvalet sin rådveldekonton går ned med kr 750.000,-
10.400.735.00.14700 Kulturverksemdar og kulturtiltak aukar med kr 750.000,-

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 12.02.2019

Røysting

Fylkesrådmann sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkesutvalet løyver kr 750.000 til Tall Ships Races Bergen 2019.

Budsjettet vert endra slik:

10.720.200.00.14900 Fylkesutvalet sin rådveldekonton går ned med kr 750.000,-
10.400.735.00.14700 Kulturverksemdar og kulturtiltak aukar med kr 750.000,-